

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2026 58. årg.

Glade mekkegutar

Reportasje side 16



Kor-kickoff



side 6

Lys vaken



side 16

Ny sokneprest i Bryne

side 17



Julemesse i Bryne kyrkje side 22

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
 Inngang frå Saronsbrotet
 heimeside: www.timekyrkjene.no
 post.time@kirken.no
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
 Kateket: Halvard Lende Olsen tlf. 904 77 080
 Diakon Time og Undheim:
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
 Assisterande kyrkjevevjerje:
 Siri Vik tlf. 906 43 758
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
 Heimeside: www.timekyrkja.no
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
 Kyrkjetenar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820
 Soknerådsleiar: Sverre Risa tlf. 480 40 722
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Klokke: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
 Heimeside: www.brynekyrkja.no
 Sokneprest: Trond Inge Tappel tlf. 922 30 897
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
 Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
 Dagleg leiar:
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
 Vikar ungdomsarbeidar: Julie H. Vigrestad tlf. 924 23 491
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
 Kyrkjelydsutviklar:
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

I avgrensinga viser meisteren seg

TEKST: TROND INGE TAPPEL

Orda treffe meg i ein tale frå Misjonskyrkja sin hovding Edin Løvås. Sitatet kjem visstnok frå den tyske dikteren Goethe, men Løvås snakkar om Jesus som trer fram i avgrensinga. Det er ei fin trøyst på starten av eit nytt semester, til alle oss som kan kjenna oss overvelda. Anten det er i jobb, familieliv, fritidsaktivitetar.

Nokre gonger skulle eg ynskje eg levde i ei enklare tid. I boka «kompromissløs eliminering av hastverk» skriv John Mark Comer om at før elektrisiteten gjekk folk til sengs kort tid etter solnedgang. Dei levde i takt med naturlege rytmar, sov meir og vart ikkje bombarderte av informasjon, underhaldning og avbrot slik vi blir i dag.

Det er noko tiltrekkande med ein slik livsstil, sjølv om ein ikkje klarer å leve han heilt ut i vår tid. For det er i det enkle at dei vakre tinga ofte kjem til. Den mest geniale kunsten er ofte enkel – utan å bli banal. Beethoven var ein meister i si tid innan musikk. Han hadde eit vell av lidenskap, smerte og indre kamp. Men han var fokusert og oppslukt av kjennskap til musikken. Leonard Bernstein forklarar korleis melodiane i musikken til Beethoven ofte er svært enkle. Til dømes er melodien i den sjuande symfonien nesten berre éin tone som blir gjenteken. Bernstein seier at Beethoven isolert sett ikkje hadde sin største styrke i å skape melodiar, harmoniar eller orkestrering. Desse elementa kvar for seg var han eigentleg ikkje særleg sterk på. Men det som gjer Beethoven så unik, er

at han meistrar forma på ein briljant måte – kva tone som skal kome etter den neste. «Det er som om Gud har ringt Beethoven og fortalt han kva den neste tonen skal vere», seier Bernstein.

I byrjinga skaper Gud lovmessig orden. Han avgrensar kaoskreftene og gjev dei form, funksjon og lovmessig struktur. Og så er det nett i avgrensinga at Meisteren frå Nasaret – Gud sjølv - stig inn i verda. Jesus kjende fullt ut spennet av menneskelege kjensler og behov: svolt, tørste, han var trøyt, kjente lengsel, glede og smerte. Vi veit at Jesus vaks opp i ein arbeidarklassefamilie, for det står at Josef var snikkar, men då han vart vaksen, levde han likevel eit avgrensa liv i fattigdom. Det er ikkje gjennom grenselaus makt at Gud frelser verda, men ved å bli eit menneske med alle dei avgrensingane det inneber. Gjennom avgrensinga fremmar Gud sitt verk.

Jesus kallar ikkje supermenneske til å følgje etter seg. Han kallar enkle og uutdanna fiskarar, menneske som står utanfor samfunnet, òg lærde og velutdanna menneske som Nikodemus. Dei andre jødiske rabbiane valde berre dei flinkaste som etterfølgjarar. Men Jesus kallar alle. Det gjev oss håp.

Utan å oppfordre til kommersielt forbruk, får me slå fast som reklamen seier: det enkle er ofte det beste! For i avgrensinga viser Meisteren seg - for oss. Han vil visa sin veg i vår eiga avgrensing.



Framsidedfoto: Birk og Jonas er glade mekkegutar. Foto: Reidun Jane Heskestad

Utgttt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad.
 Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 26. oktober

TEKST: INGEBORG HEGGHEIM TAPPEL. FOTO: PRIVAT

No har eg nett flytta tilbake til Jæren etter 17 år vekke, 14 av desse i Skien. Då eg blei spurt om å skriva om ein av favorittsalmane, tenkte eg at det blei ei utfordring, for eg har så mange! Mange av salmane me har i salmeboka ber i seg så mykje levd liv og visdom, og mange av dei er ei stor kjelde til trøyst. Eg syns òg at mange av salmane er ei hjelp til å finna bøner når det er vanskeleg å finna orda sjølv. Grunnen til at eg valde nettopp denne salmen, er at han var veldig viktig for meg i ungdomstida. Han var eit løfte og ei påminning for meg om at eg aldri var åleine, og at eg aldri kom til å vera åleine, uansett kor livet skulle bringa meg. Nå i sommar blei han som ny for

meg etter at me song han på ei gudsteneste, og det blei ei sterk påminning om at Gud har vore med meg.

Eg og familien legg bak oss ein intens periode med flytting, flyttekaos og diverse, og eg syns ikkje orda kjem lett når eg prøver og ha ei stille stund. Så slår det meg igjen: Kvifor skal eg leita etter ord når eg kan be denne salmen som ei bøn?

Denne salmen kjem til å vera med meg på morgonane og kveldane framover, og han kjem på ny til å vera ei bøn og samtidig ei påminning om at uansett kva som skjer, så er Gud med. Han har ikkje lova oss eit lett liv, men han har lova at han skal gå med oss.



Jeg er i Herrens hender

T Erling Tobiassen, 1932

1. Jeg er i Herrens hender
når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender
sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe
av glede og av søvn,
jeg kan på bønnens vinge
få kraft i Jesu navn.

2. Jeg er i Herrens hender
i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner
at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler
må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler
hans øye følger meg.

3. Jeg er i Herrens hender
når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner
for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde
og setter englevakt,
for natten han vil råde
med hellig guddommakt.

4. Jeg er i Herrens hender
når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner,
fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånne,
han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vånne
på vei til himlen inn.

Felles bønnemøte hver lørdag fra kl.10.00 til 11.00 i Misjonskirken Bryne.

Felles bønnemøte for menighetene på Bryne. I sammen ber vi for byen og menighetene. Møtes i kjelleren i Misjonskirken.



Blå Kors Ung Mekkeklubb – plassen for mekking,

Mekkeklubben vart driven av Time kommune i 33 år. På grunn av stram økonomi, vart klubben lagt ned i 2024. Blå Kors søkte då om å få overta drifta, og det fekk dei - til stor glede for alle som gjekk der.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Full fart i skogen

Alt på vegen inn til klubben møter eg ungdommar på sykkel. Dei er på veg bort frå klubblokalet, men er snart tilbake. Det er på klubben dei vil vera i kveld. Det som fangar interessa mi i det eg kjem inn på området er ein gut - godt kledd i dress - som står i ei sky av vatn og skum. Han er ein ivrig køyrar, og vaskar no sykkelen etter ein tur i løypa i skogen.

– Eg er her annakvar veke både tysdag og torsdag så sant eg ikkje er “sleden” eller sjuk, seier han.

Etter vasken er sykkelen klar for andre som vil ha seg eit fartskikk.

Firhjuling og cross-sykkel er populære køyretøy. Køyring er det på kvar mekkekveld - så sant utstyret er i orden - for det får gjennomgå.

– Ulykker har me ikkje hatt! Har så langt berre levert ut plaster, seier Kjell Ekeberg - tidgivar i Blå Kors.

Blå Kors eig 2-3 syklar. Dersom ungdommane ikkje er gamle nok til å køyra, må foreldra godkjenna at dei køyrer. Alle må bruka hjelm.



Nestemann er klar til kjøretur i skogen.

Dei får ikkje køyra utanfor vårt område.

Mekking og sosialt fellesskap hand i hand

Kva er fint med å vera her?

– Eg har det gøy med vennar, og her har me mykje verktøy som eg kan bruka. Eg får hjelp, for dei vaksne her kan skru.

Me har “møje” å gjera på, det er godt å vasa med dei andre, seier ein annan og smiler. -Dei vaksne er snille.

– Her kan eg snakka med kompisar, her er det fritt og godt,

– Når me ikkje kan ha besøk heime, er det kjekt å samlast her.

– Gøy å skru og køyra, og så får eg hjelp til eige køyretøy. Lærer meir her enn på skulen, bra opplegg. Må ikkje leggjast ned, seier ein annan med trykk på orda.

– Eg lærer nye ting, både mekking og køyring.

– Får lov å køyra “hjular”, lærer mekking, får nye vennar.

– Blir kjent med gode vaksne, smett ein annan inn frå sidelina.



Den gode praten.

Inne i eit mekelokale skurr ein elev frå vidaregåande på eigen moped. Noko er gale, og han må finna ut av det! Må tenkja. Han har demontert deler av sykkelen og skurr mens han snakkar med vennar som står rundt han.

– Eg finn alltid ut av det. Vaksne leiarar gir gode råd og tips undervegs.

Ungdommane sit eller står rundt forbi og snakkar saman - nokre har vore og kjøpt seg drikke. 10 kr for medlemmer, 20 kr for ikkje-medlem. God pris.

Inne i garasjen held to ivrige på med ein bil som står litt på “halv-åtte”. Her er det visst full renovering som må til. Rust har dei pikka, og nederst på dørlista har dei tankar om sveising og å få på nye delar. Og verktøyet står klar. Ein som er kyndig på det elektriske er i full gong med sine undersøkingar. Desse blir ikkje arbeidslause på ei stund, tenkjer eg. Leiarane skurr saman med

Blå Kors Ung Mekkeklubb

Fritidsklubb for ungdom med interesse for motor og mekking.

I klubben kan du mekka, ha det sosialt med vennar, kjenna varme frå bålpanne i gapahuk, og nokre gonger får du mat.

Alder: 8.kl til 18 år

Opningstid: tysdag og torsdag

Tid: kl 18 - 21

Stad: Fjellvegen på Lye

fartsfylt køyring og godt vennskap



Birk og Jonas er glade mekkegutar.

ungdommane, diskusjonen går - kva kan vera feilen her, mon tru?

Her er ingen oppmøteprotokoll. Vanskeleg å telja. Det er gutar både inne og ute, plutselig rykker ein sykkel ut på tokt, ein traktor putrar inn på plassen. Dei vaksne anslår at det er mellom 20-25 innom denne kvelden - og det er nokså normalt.

Ute står ein fin bil i - mine augo - men det er visst noko med lakken. Biltéma-lakk er brukt, og kommentarar går på at det visst ikkje er så lurt. Sanneleg her er det mange utfordringar, men òg mange ivrige som tar tak i dei.

Tidgivar

Det er frivillige såkalla tidgivarar i Blå Kors som skruer saman med ungdommane. Ca 10 vaksne tidgivarar er med i Mekkeklubben. 3 vaksne leiarar møter kvar gong.

Kjell Ekeberg er vikar dersom nokon ikkje kan.

Terje Tjensvoll (TT) er grunnvollen i klubben. Han har vore trufast i over 25 år.

Tidgivar Simen Hersdal seier smilande:

- Det er så kjekt å sjå at dei har det gildt!

Andre leiarar i kveld er: Jone Kalheim og Tor Åge Tengesdal.

Aktivitetane føregår ute og i mekke-lokala, forklarar Ekeberg. Me har òg eit lite lokale der me kan samlast inne. Kan gjerne bruka nokre snakkekort som Blå Kors har - tema kan t.d. vera mobbing. Me prøver å få i gang samtale. I dette rommet er det og ein simulator der ungdommane kan øva på bilkjøring.

Før sommarferien vert 7. klassingane inviterte på besøk for å få eit lite innblikk kva som skjer i klubben.

- Få med at etter at Blå Kors tok over klubben er det mange som er blitt svært gåvilde mot klubben - både private og firma, seier Terje Tjensvoll.

Ungdomsarbeid

Mekkeklubben er ein viktig del



Grundig service.

av ungdomsarbeidet på Lye. Kvar tysdag og torsdag kjem det Natteravnar innom på besøk. Dei går rundar på Lye frå kl.19-21.

Kvar kjem ungdommane frå?

Dei faste kjem frå Lye, Bryne og Undheim. Men det kjem ungdommar frå heile Jæren innom på besøk. Nokre kjem hit fast med bussen frå Bryne.

Det er for det meste gutar som kjem på klubben, men 4-5 jenter har vore innom. Jentene er velkomne!

For ein gjeng - blide, positive gutar!

Fint du kallar oss gutar, kommenterer ein leiar.

Her gjeld det heller ikkje om å ta seg ut - skit under neglene, i ansiktet og på kleda høyrer med om du vil mekka og køyra firhjuling!

Tillit som fundament

Kjell Ekeberg som er tidgivar i Blå Kors fortel at her byggjer ein tillit, ingen peikefinger vert retta mot ungdommane, men dei må sjølvstendig ta ansvar for eiga køyring i løypa her. Ungdommane vert kjende med oss og me med dei. Møter me dei på andre arenaer, har me ein relasjon som er basert på tillit.

Helgedagen ønskjer lykke til både med skruing, mekking og nye vennskap!

Kor kick-off med besøk av Jarle Waldemar

Denne torsdag ettermiddagen er Brynekyrkja klar. Jarle Waldemar er komen, lydprøven er unnagjort og pizzaen er bestilt. Inn døra ramlar det glade barnefamiliar med venner, besteforeldre og sysken.

TEKST: MARIT HØIE HETLAND

Alle gler seg til song, moro, leik og pizza. «Han har nesten ikkje klart å venta», seier ei mor i døra på veg inn.

Dei 3 barnekora i kyrkjene våre; Lye barnegospel, Supermix og Barnekoret i Brynekyrkja, har gått saman om å invitera til Kor kick-off. Arrangementet har lang tradisjon, og det er alltid veldig kjekt å ønske Jarle Waldemar tilbake, så me må høyra med han kvifor han kjem:

Jarle, du har vore på Bryne mange gonger. *Kva betyr det for deg å kome tilbake?*

– Eg gler meg kvart år til å kome tilbake til Bryne kyrkje. Eg har vore her nesten kvart år sidan 2013, så det har etter kvart blitt ein hyggeleg tradisjon. Det er ekstra kjekt å sjå at barn i alle aldrar kjem igjen år etter år.

Kva ønskjer du at barna skal oppleve på ein slik kveld?

– Eg ønskjer å kombinera bibelhistorier, song og leik, og skapa gode augneblink for barna. Først og fremst skal dei ha det gøy og kosa seg i kyrkja. Samtidig ønskjer eg at dei skal få med seg bibelforteljingane og oppleve at tru kan formidlast på ein levande og engasjerande måte.

Kva er det du liker best med å stå framføre barna?

– Det er stas å sjå barn med store auge som følgjer med når eg fortel ei bibelhistorie. Eg brukar humor, leik, involvering og ulike pedagogiske verkemidlar for å gjere forteljingane levande. Når eg merkar at barna verkeleg er med, er det utroleg givande.

Song har også en viktig plass. Kvifor det?

– Kristne barnesongar betyr mykje for meg personleg. Eg vaks opp på Ålgård, og barnekor og kristne barnesongar var ein stor

del av min eigen barndom. Eg har mange gode minne ifrå det. Derfor ønskjer eg at dagens barn også skal få oppleve noko av det same – gleda ved å syngje saman og få lære songar og bibelforteljingar som dei kan ta med seg vidare i livet.

Du har jobba mykje med barn tidlegare. Gjer du framleis mange slike oppdrag?

– Eg jobba i 20 år som barneforkynnar, så dette er jo ein veldig kjent aktivitet for meg. Men nå tar eg ikkje så mange slike oppdrag lengre. I dag jobbar eg som hovudpastor i Filadelfiakirken i Drammen, og det gjer naturleg nok mindre anledning til å reise rundt. Nettopp derfor er det ekstra hyggeleg å få koma tilbake til Bryne kvart år. Det har blitt ein stad og ein tradisjon som eg set stor pris på.



Jarle Waldemar i aksjon med barn foran. Foto: Vegard Hanssen

Me er veldig glade for at Jarle likar å koma på besøk til oss. Etter at han har sunge, leika og fortalt bibelhistorie til oss, set me fram pizza til alle.

Me tek ein liten prat med Live og mamma Silje, medan dei sit og kosar seg med pizzaen:

Live fortel at det aller kjekkaste var å få vera med å dansa.

Og då alle fekk koma fram for å leika, hadde Jarle ein kortstokk der alle måtte gjetta kva farge kort han kom til å trekka. Dei fekk vera med ein runde, men så gjetta dei feil farge og måtte setja seg ned. Det gjekk heilt fint.

Dei fant ut at kor kick-offet skulle vere fordi Live fekk eit brev i posten med invitasjon. «Til deg som er 4 år», stod det i brevet. Det passa godt, sidan ho er 4 år. Så då melde dei seg på.

– Og nå smakte det ekstra godt med pizza.



High five. Foto: Vegard Hanssen



Live og mor. Foto: Privat



Servering av pizza. Foto: Vegard Hanssen

Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Kvards- møte med Trond Heskestad

TEKST: LIV HELENE ØYRE HÅLAND
FOTO: PRIVAT



Alder: 77

Bustad: Lye, oppvaksen i Stavanger

Utdanning: Siv.ing. frå NTH

Gift med Liv Heidrun, 4 born og 12 barneborn

Frivillig medarbeidar på Lye forsamlingshus gjennom mange år

Trond Heskestad er blant pionerane på Lye. Første innbyggjarane kom til Lye i desember 1980, Heskestad-familien kom dit i 1986, og dei vart tidleg med i det kristne arbeidet på Lye.

Forsamlingshuset vart teke i bruk hausten 1987, innvia i september 1989 - og her trongst mange frivillige. Dugnad vart eit kjent omgrep! Noko av det første han blei spurd om å vera med i, var søndagsskulen, deretter nærmare 30 år som vaksenleiar i Lye Kristelege Skulelag. Har også i ei årrekke vore med i dugnadsgjengen på Lye Forsamlingshus. Det er viktig å vera aktiv og ta vare på helsa, seier Trond.

På den tida borna var aktive i Lye Idrettslag, vart Trond engasjert som leiar av hovudstyret ein periode - og også som leiar av planleggingsgruppa for utviding

av Lyehallen med klubbhus for idrettslaget på 90-talet. Han har sett det som viktig å støtta opp om nærmiljøet på ulike område. Barne- og ungdomsarbeid har vore eit "hjardebarn", og han var også med på å starta Varden 10-13 - som er eit tilbod for born mellom 10 og 13.

Kva er drivkrafta bak engasjementet? - Ja, eg vaks opp i ein kristen heim, og fekk det inn der. Seinare vart tida i Trondheim viktig. Trond avtente sivil verneplikt - som sekretær for studentpresten i Trondheim. Det la noko av grunnlaget for å driva med kristent arbeid, der ikkje minst NKSS (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag - Laget) spela

ei viktig rolle. Han fann også kona si gjennom Laget. Trond meiner at styrken hans er å leggja til rette, organisera, og ikkje så mykje på det personlege planet.

Nå på sine eldre dagar ser han klårare at livet er skjært, det kan så fort vera over. Han er takksam for livet, og nyt å halde seg i form, friluftsliv, fjellturar - og den daglege turen, gjerne rundt Melsvatnet. Hagestell med grønsakdyrking set han òg pris på. Men framfor alt: Jesus, Frelsaren, er viktig! Trond er glad i Jesus! Han tvilar ikkje på at Jesus er ein reell historisk person. Trond meiner òg at det er viktig med engasjement, at me alle bidreg - og har eit oppdrag!

Åtti år i år?

I så fall, gratulerer med stor dag! Dersom du soknar til Bryne kyrkje, er dette ei viktig melding til deg...

Diakoniutvalet i Bryne kyrkje har som tradisjon å visa dei i kyrkjelyden som fyller åtti, nitti, nittifem eller hundre år merksemd gjennom å banka på døra til avtalt tid med ei lita helsing. Dette har ført til mange hyggelige møte med jubilarar.

Når det gjeld åtti-åringane har me

bestemt oss for å gjera litt om på tradisjonen. I staden for å ringa dei og avtala tid for eventuelt besøk, vil me frå nå av invitera dei som fyller åtti år til ei samling i kyrkja. Her vil det bli tid til drøs, kaffi, kaffimat og litt underhaldning, samtidig som alle vil få ei lita helsing for å markera den store dagen.

Hausten 2026 er godt i gang, og det skjer mykje kjekt og spennande i kyrkjene våre. Aktivitetane er mange, og både tilsette, frivillige og kyrkjelydar er i full sving etter sommaren.

Undheim kyrkje og bedehus fyller 25 år

I år er det særleg Undheim kyrkje som står i sentrum. Den 9. desember er det 25 år sidan den nye Undheim kyrkje og bedehus vart vigsla.

Kyrkja vart bygd etter at kapellet frå 1921 brann ned 10. juli 1998.

Gjennom 25 år har kyrkja vore ein viktig møteplass for folk i bygda, både i kvardag og høgtid.

Jubileet blir markert med bursdagsfeiring etter gudstenesta søndag 30. august, og med ein meir høgtideleg jubileumskveld fredag 6. november. Vi gler oss til å feire eit bygg som betyr mykje for mange.

Nye medarbeidarar og endringar i staben

Bryne sokn har fått ny sokneprest. Trond Inge Tappel er no godt i gang i tenesta etter at han vart ønskt velkomen og innsett under gudstenesta 7. juni.

Frå august ønskjer vi også velkomen til Halvard Lende Olsen, som går inn i ei 20 prosent stilling som kateket. Han skal arbeide med konfirmantane våre, og er elles lærar ved Bryne vidaregåande skule.

Julie Hovland Vigrestad er tilsett som vikarierende ungdomsleiar medan Oda Vik Straume er i svangerskapspermisjon fram til sommaren 2027.

Samtidig takkar vi Sigve Hansen for innsatsen som ungdomsarbeidar i Time og Lye. Han avsluttar no si 30 prosent stilling, og vi er i gang med å finne ein ny medarbeidar.

Slutt for barnehagen i Brynekyrkja

14. august var den siste opningsdagen for barnehagen i Brynekyrkja. Dermed er eit viktig kapittel avslutta etter 45 år med samanhengande drift.

Avgjerda kjem som følgje av økonomiske rammevilkår som over tid har gjort det stadig vanskelegare å drive barnehagen vidare.

Vi vil rette ein stor takk til styrar Rut Steinbru og alle dei tilsette som gjennom åra har skapt ein trygg og god kvardag for generasjonar av barn. Innsatsen deira har sett varige spor hos både barn og familiar.

Planane for nytt kyrkjetorg held fram

Arbeidet med eit nytt kyrkjetorg og



Jostein Tollaksen

inngangsparti ved Brynekyrkja går vidare.

Det ligg no føre skisser som viser moglegheita for eit nytt tilbygg på om lag 170 kvadratmeter. Neste steg er å arbeide vidare med finansiering og få på plass midlar til eit forprosjekt. Det vil gi eit godt grunnlag for vidare planlegging og prosjektering.

Planane er også spela inn til kommunen i samband med arbeidet med økonomiplanen for dei neste fire åra.

Ser fram mot hausten

Vi går inn i hausten med stor forventning. Med jubileumsfeiring, nye medarbeidarar og spennande utviklingsprosjekt ligg mykje til rette for ein aktiv og innhaldsrik sesong i kyrkjene våre. Vi gler oss til alt som skal skje, og til mange gode møte med folk i lokalsamfunna våre.

Me håpar at åttiåringane våre vil setja like stor pris på ei slik markering som det å få besøk på døra.

Det vil bli sendt ut eige brev til dei det gjeld. Tidspunktet er bestemd, og blir onsdag 4. november kl. 17:00 i Bryne kyrkje, så det er høve til å setje av tidspunktet

allereie nå. Dei av åttiåringane som allereie har fått besøk av oss, vil og få invitasjon og er hjarteleg velkomne.

Me ynskjer framleis å besøkja dei som fyller nitti år eller meir heime.

Med helsingar frå diakoniutvalet.



LAGET - ein livskraftig 101-åring

Invitasjon til samling for Lagsvener

TEKST OG FOTO: LIV HEIDRUN
HESKESTAD, LEIAR LAGSVENNUTVALET
ROGALAND

I over 100 år har Laget vore viktig for skuleungdom og studentar i heile landet. Og Laget er framleis livskraftig. Arbeidet er variert og kreativt; eit besøk på nkss. no fortel om spennande satsingar og aktivitetar.

Dei siste åra har det vore vanskelegare å ha lag på ungdoms- og vidaregåande skular, og Laget - og ungdommane - treng meir enn nokon gong gode støttespelarar.

Her er Lagsvenarbeidet sentralt. Laget har alltid hatt lagsvener som har støtta Laget med førbøn og økonomi. Aktivitetane har variert, men dei siste åra har det vore lite aktivitet i Rogaland. No startar vi



arbeidet opp att og inviterer gamle og nye lagsvener til samling: Onsdag 14.oktober kl 1930 i Nedre Banegate 19 i Stavanger.

Det blir info om Laget, arbeidet både nasjonalt og i vår eigen region. Lagsarbeidarane i regionen deltar og fortel. I tillegg får vi tale av prof.em. Knut Alfsvåg.

Vi presenterer det nyoppretta

Lagsvennutvalet i Rogaland, og utvalet ønsker innspel til kva Lagsvenarbeidet i Rogaland skal vere vidare framover.

Vi inviterer alle Lagsvener, alle som ønsker å støtte Laget og alle som kanskje vil bli aktive Lagsvener.

Hjarteleg velkomne!

MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumper av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

Me minnest kong Harald og dronning Sonja sitt besøk i Time og på Bryne med glede og takksemd



Her har kongeparet stoppa opp for å høyra Yngsteskolet syngja/rappa "2000" år, frå songspelet "Historien om Jesus" av I. Skippervold. Fotograf ukjent

Vikar ungdomsarbeidar i Bryne kyrkjelyd

Denne hausten kan me ønskja ny medarbeidar i ungdomsarbeidet vårt velkomen . Julie Vigrestad skal inn i eit 40% vikariat som ungdomsarbeidar fram til sommaren.

TEKST: MARGRETA JOHANNESSEN FOTO: PRIVAT

Julie er frå Varhaug, busett på Vigrestad. Ho er 53 år, gift og har fire barn. Ho har i alle år jobba i barnehage, dei siste fire åra i barnehagen i Brynekyrkja. Då den vart lagt ned trong ho ny jobb. Ho var klar for noko nytt, og tenkjer at ungdomsarbeidarjobben er midt i blinken. Julie syns det er gildt å vera med ungdomar, og gler seg veldig til nye utfordringar.

Oppgåvene hennar er å vera med på planlegging og gjennomføring av Ung Fokus annakvar veke saman med ungdomane. Ho skal også vera med i 9-13 arbeidet saman med friviljuge foreldre. Julie ser fram til å vera med å støtta, leia og setja rammer, og vera ein trygg vaksen i miljøet.

Me ønskjer Julie velkommen, og lukke til med arbeidet!



JESUS – HISTORIA

For å koma fri sjølv, skulda keisar Nero på at det var dei kristne som var årsaka til den store bybrannen i Roma i år 64. Den romerske historieskrivaren Tacitus forklarar at namnet «kristne» blei brukt om etterfølgjarane av ein «Chrestos», som Pontius Pilatus fekk avretta under keisar Tiberius. Dette er éin av få referansar til Jesus Kristus i utanombibelske kjelder.

TEKST: HANS AUSTNABERG

Dei viktigaste kjeldene til Jesus sitt liv og hans verksemd, er dei fire evangelia i Det nye testamente (Matteus-, Markus-, Lukas- og Johannesevangeliet). Det er spanande lesing!

Jesus blei fødd i Herodes den store si regjeringstid, seinast i år fire før vår tidsrekning. To av evangelia fortel om Jesu fødsel (Matteus og Lukas), og deretter høyrer me lite før Jesus starta si offentlege verksemd. Johannesevangeliet nemner at Jesus i løpet av denne tida var i Jerusalem i tre påskehøgtider; altså må verksemda hans ha vart

i minst tre år. Jesus såg menneska han møtte som eineståande og unike. Han stod opp for dei svake og utstøytte, og påtala arroganse og skin av religion. Den siste påska blei Jesus teken til fange, og den romerske landshovdingen, Pontius Pilatus, let han piska og krossfesta. Men tredje dagen stod han opp frå grava, og i førti dagar viste han seg levande for læresveinane sine og mange andre. Han blei teken opp til Gud, og sende Den heilage ande slik at han alltid kunne vera nær dei som trudde på han. Læresveinane og dei som var komne til tru på Jesus,

forkynte denne historia, og stadig fleire kom til tru på Jesus og fekk oppleve at Jesus ikkje var død, men levande. Gruppa av kristne vaks så fort at det var mogleg for keisar Nero å klaga dei som ansvarlege for bybrannen i Roma berre 30 år seinare.

Den fascinerande historia om Jesus kan du lesa i Det nye testamente. Finn fram bibelen og slå opp i evangeliet etter Markus. Der vil du finna kortfatta og spanande historier om kva Jesus sa og gjorde i løpet av si verksemd.

(Framhald i neste Helgedagen: Jesus – kven var han eigentleg?)



Tru kan flytta fjell

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

«Me kan flytta fjell» sa hovudtrenar i Bodø/Glimt, Kjetil Knutsen i vår. Og han hadde god grunn til å seia det. Bodø/Glimt hadde vunne fleire viktige kampar mot store lag i Europa, og no skulle dei spela for å kvalifisera seg til kvartfinale i Champions League. At eit lag frå vesle Noreg var kome så langt, var som eit under. At dei skulle klara seg vidare stod som bort imot umogleg. Men både trenaren og spelarane hadde trua, dei meinte det var mogleg å slå nok eit storlag.

Uttrykket «tru kan flytta fjell» nyttar me til å seia at me kan klara

mykje om me berre har tru på det me gjer. Jesus brukte det ein gong då han snakka med læresveinane.

Det starta med at ein mann kom til læresveinane og bad om hjelp. Guten hans var besett av ei vond ånd og var alvorleg sjuk, og mannen bad læresveinane gjera guten frisk. Læresveinane klarte det ikkje, så mannen gjekk til Jesus. Jesus verkar nesten irritert og oppgjeven, men han driv ut den vonde ånda og guten vert frisk. Læresveinane ser dette, og spør Jesus kvifor dei sjølve ikkje klarte det. Jesus går rett på sak når han svarar:

«Fordi de har så lite tru», svara

han. «Sanneleg, eg seier dykk: Har de tru som eit sennepsfrø, kan de seia til dette fjellet: 'Flytt deg herifrå og dit!' – då skal det flytta seg, og ingen ting skal vera umogleg for dykk.» (Matt. 17.20)

Paulus nyttar same uttrykket i sitt fyrste brev til Korintarane, der han skriv om kor viktig kjærleiken er (1. Kor. 13.2):

*«Om eg har profetisk gåve
og kjenner alle løyndomar og eig all
kunnskap,
og om eg har all tru så eg kan flytta
fjell,
men ikkje har kjærleik,
då er eg ingen ting.»*

Bibelkveldar hausten 2026

Denne hausten blir det bibelkveldar i Bryne kyrkje i oktober og november, med fokus på BIBELEN – vår heilage bok.

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

Bibelen er berar av Guds ord og ei kjelde til trøyst, rettleiing og håp. Boka er ikkje berre ei bok, men eit heilt bibliotek av forteljingar, dikt, lovtekstar, visdomsord og brev. Bibelen er ei samling skrifter som gjennom årtusen har forma tru, tradisjon og forståing av livet for millionar av menneske. Tekstane har oppstått i ulike tider og samfunn, men står saman som ei heilskapleg forteljing om forholdet mellom Gud og menneska.

Tysdag 13. oktober spør me: Kva meiner me med at Bibelen er Guds Ord? Alle kristne nyttar Bibelen, og kallar han ei heilag bok. Kvifor det?

Korleis skal vi forstå denne boka, og nytta henne?

Tysdag 27. oktober ser me nærare på Det nye testamentet. Korleis vart det til? Kvifor vart akkurat desse 27 skriftene tekne med? Dei fire evangelia er sentrale for alle kristne, kvifor det? Kva er likt og kva skil dei?

Tysdag 10. november er temaet «Å lese Bibelen i dag». Bibelen vert nytta i kristne samlingar, men ikkje berre der. Han har vore med på å forma kulturen vår. Han vert lesen av mange og verkar inn på filosofi, menneskesyn, livssyn og

samfunnssyn. Kvifor og korleis les ulike menneske bibelen? Det vert både føredrag og panelsamtale.

Sjå annonse bak i bladet.





Fire dikt om håp og framtid

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Håp er eit av dei finaste orda eg veit. Det fell meg av ein eller annan grunn lett å håpa. Eg har oppdaga at nokon opplever det å håpa som eit rimeleg håplaust og nokså krevjande prosjekt. I dag vil eg la teksten til Grøn kyrkjelyd si spalte vera fire dikt. Eg trur det er viktig at me talar på alle språk om håp og framtid. Framtida er det viktigste i verda. Eg trur me av og til fell i den grøfta at me svartmålar framtida og legg håpet til sides. Det trur eg er livsfarleg. Me kan koma til å skapa oss sjølvoppfyllande dystopiar i staden for å sjå på alt godt me framleis kan få til.

Eg et håp til frokost

Eg et håp til frokost.
Eg blandar det med havregryn, tytebær og rosiner.
Eg svel det rett ned,
og forseglar med appelsinjus
så det ikkje skal koma opp igjen.
Eg plukkar håpet opp frå støvete grøftekantar,
og bind det rundt begge handledda mine
så eg veit kor eg har det.
Eg teiknar små håpskors med leppestift,
først med den nesten hudfarga,
så med den skrikende knallraude,
I tilfelle håpet skulle kunne tenkjast å heller vera blått,
legg eg meg på ryggen i det grøne graset,
og let ei halvkuile av himmel omfavna meg,
utan å bry seg om at eg blir våt på ryggen,
eg og den sorglause gleda mi får tola såpass.
Eg går ut på verandaen og plystrer høgt og skingrende,
dei gamle songane om håp
heilt til folk held seg for øyrene.
Eg skyt brannpilar av håp
inn i bunkar av bestillingar
signerte av sterke menn med litt for mykje makt
og ser håpet flamma rundt meg.
Eg ringer utilgjengelege telefonnummer heilt til eg får svar
og håpar at dei mektige høyrer håpet dirra i stemmen min.

Heilage Ande

Heilage Ande,
du due, pust og flamme,
du vind og sommarfugl,
kom til oss
i ein av dine mange skapnadar,
rør ved dei stivna tankane våre,
og ved kroppane
som trur dei veit kor dei skal hen.

Heilage Ande,
kom og bu hos oss.
Fyll oss med varme,
med omsorg og mot,
trøyst, håp, eld og handlekraft.

Historier om framtida

Me skal fortelja historier om framtida
langsamt og forsiktig til kvarandre.
Me skal fortelja med kjærleg stemme,
med respekt, varme og humor.

Me skal la dei bu i oss,
fylla oss og gjera oss sterke.
Så skal me ta tak i dei og bruka de
i til å forma livet med.

Me skal fortelja historier om framtida
me let dei bli gode.
Me snur krystallkula så at lyset kjem til
og ser at det meste er mogleg.
Me speglar oss i håpet
og ser at det meste framleis
kan bli finare enn nokon skulle ha trudd.

Å flykta frå eller til

Å flykta frå eller til
er menneskeleg og fort gjort.
Tankelaust fylgjer me straumen
og vegskilta.

I små korte glimt
streifer tanken oss
om andre og smalare vegar.



– Kirken er viktig og relevant

Tor Magne Nesvik blir ny biskop i Stavanger bispedømme. Han har stor tro på folkekirken og er stolt av bispedømmet. – Framfor alt alle folkene som skaper kirkelivet.

Da han ble presentert i Stavanger domkirke 22. mai sa Nesvik at kirka er et sted som rommer alle mennesker. Et sted der man kan få høre at «du er verdifull, du er elsket».

– Det er viktig for meg at alle mennesker får oppleve at de er skapt i Guds bilde og at de kan leve i lys av Guds nåde. Som biskop i Stavanger vil jeg arbeide for akkurat dette, sier Nesvik.

Hvilepuls og utfordring

Tor Magne Nesvik har vært prost siden 2020. Først i Ytre Stavanger prosti, og fra januar 2026 har han vært konstituert domprost i Stavanger. Han har tidligere vært sokneprest i St. Petri menighet og prest og daglig leder i KFUK-KFUM Ynglingen. Nesvik var også leder for utviklingsprosjektet «Kirken i Stavanger mot 2020» som stilte spørsmålet: Hvordan være kirke i en ny tid?

– Kirka er stedet du skal finne hvilepulsen, freden, Jesus. Kirka er stedet du skal få vite at Gud rommer hele deg. Gud elsker deg. Uansett, understreker Nesvik, og legger til:

– Men kirka er og stedet der du skal bli utfordret. Stedet vi aldri bare skal ha nok med oss selv, men utfordres til å stå opp for hverandre. Jeg vil peke på urett og urettferdighet og at vi må ta vare på hverandre og på skaperverket.

Stort potensial og gjennomslagskraft

– Bibelen lærer oss om menneskets ukrenkelige verdi. Om at vi alle er Guds barn, store og små, uansett hvor vi bor, hva vi gjør eller hvor



– I kirka skal vi aldri bare ha nok med oss selv, men utfordres til å stå opp for hverandre. Jeg vil peke på urett og urettferdighet og at vi må ta vare på hverandre og på skaperverket, sier Stavanger bispedømmes nye biskop, Tor Magne Nesvik. Foto: Den norske kirke

Kirka er stedet du skal finne hvilepulsen, freden, Jesus.

Kirka er stedet du skal få vite at Gud rommer hele deg.

Gud elsker deg. Uansett

vi kommer fra. Vi er søsken, allemannalle, som er skapt til å være nettopp de vi er: Oss selv. Unike. Men samtidig helt like alle andre.

Den nye biskopen mener at Den norske kirke i Rogaland har et stort potensial og gjennomslagskraft.

– Jeg er stolt av bispedømmet, kirkebyggene våre, men framfor alt alle folkene som skaper kirkelivet her i Rogaland! Jeg har en enorm tro på Den norske kirke i Stavanger bispedømme. Jesus, kirken og

Bibelen er relevant og viktig i vår tid, slår den nye biskopen fast.

20. september ble Tor Magne Nesvik vigslet som biskop i Stavanger domkirke. Gudstjenesten strømmes på www.kirken.no.

Vil du lese mer om Tor Magne Nesvik eller høre han på podcaster eller i NRK, gå inn på www.kirken.no/stavanger og velg «Ny biskop til Stavanger».

Stavanger Bispedømmekontor

Lys vaken – kjekt, litt utfordrande og fullt

I mai gjekk årets Lys vaken av stabelen. 6.-klassingar frå alle dei tre sokna våre samla seg - og for ein gjeng som møtte opp! Rundt 40 deltakarar fylte kyrkja, saman med ein solid gjeng vaksne og engasjerte ungdomsleiarar. Her var det liv, latter og energi frå start til slutt!

TEKST: RAGNHILD HANSSEN FOTO: ODDNY UNDERHAUG

Med Moses og utferda frå Egypt som tema, vart det både leik, læring og rom for undring – før det heile vart avslutta med felles gudsteneste i Bryne kyrkje.

Fellesskap

Me er først i lag i Bryne kyrkje i mange timar ein laurdag etter-middag/ kveld. Tanken er at me ønskjer at dei skal få opplevinga av å vera mange i lag, bli kjende med nye og kanskje få nye vennskap.

Ei reise med Moses

I år var det Moses og utferda frå Egypt som stod i sentrum. Gjennom kvelden fekk deltakarane bli med på reisa frå slaveri til fridom – ei forteljing med både dramatik, håp og mot.

Samtidig arbeidde me med å få fram den «raude tråden» i Bibelen. Gjennom symbol, forteljingar og aktivitetar fekk barna sjå korleis alt heng saman – frå dei gamle forteljingane og fram til Jesus.

Fire stasjonar – fire ulike opplevingar

Ein viktig del av kvelden var dei fire stasjonane. Deltakarane vart delte i grupper og fekk rundt 20 minutt på kvar stasjon – og her skjedde det litt av kvart!

Kors og håp:

På ein stasjon fekk alle pussa kvart sitt gripe-kors. Samtidig snakka me om kva Jesu død og oppstode betyr. Ein roleg, men viktig stopp



Pussing av gripe-kors.



Boblefotball.



– med rom for både spørsmål og ettertanke.

Freisting ved bålpanna:

Ute rundt bålet fekk dei høyra forteljinga om syndefallet. Og så – kanskje ikkje heilt overraskande

– laga me våre eigne freistingar i form av pinnebrød med sukker og kanel. Det er ikkje alltid så lett å stå imot det som luktar godt!

Full rustning (og litt krasjing):

På ein annan stasjon handla det

av liv!

om «Guds fulle rustning». Dette vart testa i praksis gjennom boblefotball. Når ein står inni ein stor bumper og prøver å halda seg på beina, blir det både mykje latter – og ein og annan krasj!

Bønn på ulike måtar:

Den siste stasjonen var bønnestasjonen. Her vart tempoet skrudd ned, og deltakarane fekk prøva ei enkel bønnevandring med ulike måtar å be på. Ei fin stund midt i alt det som elles gjekk unna. Det var utruleg fint å sjå korleis barna fann roa og gjekk mellom dei ulike bønnestasjonane.

Gudsteneste i Bryne kyrkje

Helga fekk ei fin avslutning då me samlast til felles gudsteneste i Bryne kyrkje på søndagen. Her fekk deltakarane vera med og bidra, og dela litt av det dei hadde opplevd. Det skapte god stemning og knytte det heile fint saman – både for barna og resten av kyrkjelyden.

Ein kveld å hugsa

Tilbakemeldingane er tydelege: Dette var kjekt – og absolutt noko å gleda seg til for neste års 6.-klassingar.

Ein stor takk til alle som var med og gjorde dette mogleg – både ungdomsleiarar, vaksne og deltakarar. De gjorde Lys vaken til ein kveld mange kjem til å hugsa lenge!

Og om barna ikkje hugsar noko anna, så håper me i alle fall dei hugsar dette refrenget:

Gud, du elsker meg og tar meg som jeg er

Jeg ble skapt fordi du ville ha meg her

Og jeg vet du er fornøyd med meg, derfor vil jeg takke deg

Rikere enn en millionær!

Elsket for den jeg er!

Ny sokneprest i Bryne

Trond Inge Tappel vart innsett som ny sokneprest søndag 7. juni. Ei sommarpynta og nær fullsett Brynekyrkje tok imot den nye presten sin med ei festgudsteneste.

TEKST: MARGRETA JOHANNESSEN FOTO: PRIVAT/MARGRETA JOHANNESSEN

Soknerådsleiar Arne Berge las opp kallsbrevet frå konstituert biskop Rune Steensnes Engedal. Deretter blei den nye presten bedt for av prost Lars Sigurd Tjelle og representantar frå stab, sokneråd og kyrkjelyd.

Tjelle kom med ei velkomsthelsing til Tappel der han minna om orda i 2. Kor 9, 8, at Gud vil gi oss alt me treng. Han gratulerte også presten med å få koma til ein aktiv og levande kyrkjelyd. Samtidig minna han alle om å søkja Gud saman med presten, og be for han og familien.

Før dagens preike tok Tappel ordet og takka for varm velkomst. Heile familien har opplevd at så mykje har lagt seg godt til rette, og at dei er blitt tekne godt imot. Han presenterte kona Ingeborg f. Heggheim og dei tre borna deira. Det er spennande å stå på startstreken til ei ny teneste og ein ny epoke for heile familien.

Gudstenesta var elles prega av mykje god song og musikk, både solosong, fellessong og instrumentalstykke. Organist Per Olav Egeland hadde fått med dyktige musikarar og songarar som løfta og gjorde høgtida fin.

Etter gudstenesta vanka det ekstra god kyrkjekaffi med marsipankaker. Mange nytta då høvet til å helsa på den nye prestefamilien og ønskja dei varmt velkomne.



Lars Sigurd Fjelde Tjelle og Trond Inge Tappel.



Willy Finnbakk og den nye presten.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSSEN OG TONE VOLD

Gruppene våre er melde inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



BABYSONG 0-1 ÅR

Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong annankvar onsdag på Undheim, og annankvar torsdag på Bryne og Lye kl. 10.30 - 12.00. Samlingane er i oddetalsveker. De vel sjølve kvar de vil melde dykk på. Me følgjer skuleruta.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Resterande samlingar hausten 2026 vert 22. oktober og 19. november kl. 17. 00. Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



4-ÅRSKLUBB OG UTDELING AV BARNEBIBEL PÅ BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Alle 4-åringar blir inviterte til 4 årsklubb og utdeling av barnebibel. 4-årsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av 4 års-bibel i gudstenesta sundagen i etterkant av 4-årsklubben.

Datoar:

Bryne kyrkje: 12.oktober kl. 17-18 og 17. oktober kl. 13-14 + gudsteneste 18. oktober kl.11

Time kyrkje: 13.oktober kl. 17-18 og 17. oktober kl. 10-11 + gudsteneste 18. oktober kl.11

Undheim kyrkje: 11. og 18. november kl. 17-18 + gudsteneste 22. november kl. 10.30

Invitasjon kjem i posten.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



PLAN-B - AKTIVITETSDAG 2. KLASSE

13. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me 7-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl.9-15. Tema for dagen er «Gud skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.

NB! Det vert avgrensa tal på plassar.
Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!



Invitasjonar vert sende ut. Påmeldinga opnar 13.oktober kl. 08.00.

ADVENTSKLUBB - 5 ÅR

Alle 5-åringane får invitasjon til adventsklubb i starten av desember. Ta med mor, far, ein besteforelder eller ein fadder og bli med oss og høyr om kva som skjedde den aller første jula. Me skal ha ei lita adventssamling, laga noko fint til jul og så får alle kvar sin pose med julekos og boka «Julebarnet».

Datoar:

Time kyrkje: 7. desember kl. 17-18

Bryne kyrkje: 8. desember kl. 17-18

Undheim kyrkje: 10. desember kl. 17-18

Meld dykk på der det passar!

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Ragnhild Hanssen og Tone Vold Foto: Privat

BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Informasjon og invitasjonar til dei som ikkje er medlemmer

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til våre arrangement? Gå inn på www.kirken.no / minside og registrer deg der under fana «Aktiviteter for barn og unge», så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Helsing frå kyrkjelydspedagogane
Ragnhild Hanssen og Tone Vold

Hovudmål for kyrkjeleg undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Misjonssamling i Bryne kyrkje

TYSDAG 20. OKTOBER KL 1900

Presentasjon av misjonsprosjektet *Madagaskar, med fokus på kamp mot fattigdom*
Seksjonsleiar for Aust-Afrika i Det Norske Misjonsselskap (NMS), Arild Bakke

Songgruppa Shalom

Alle hjarteleg velkomne!

Arr: Misjonsutvalet i Bryne kyrkje



Innvandrartreff 2026

Her kan du øve deg på å snakke norsk

Kvar tysdag kl 19.30–21.00

22. og 29. september

13., 20., og 27. oktober (6. okt. går ut p.g.a.haustferie)

3., 10., 17. og 24. november

1. og 8. desember

**NB! Er du nysgjerrig
og vil vite meir?**

Ta kontakt på mobil 980 28 690
eller ringe Time kyrkjekontor på
51 77 03 77 mellom kl. 09.00 og 14.

**Velkommen
til Bryne kyrkje!**
Brynevegen 9,
4340 Bryne

Sundagstreff i Bryne kyrkje 2026

Tysdag 29. september

Hausttakkefest i St. Petri, Stavanger
(Vi arrangerer felles avreise, påmelding!)

Sundag 18. oktober

Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

Sundag 6. desember

Vanleg Sundagstreff, kl. 18:00

Kl.18:00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova

Kl.19:00: Gudsteneste i kyrkjesalen.



Julemesse i Bryne kyrkje

LAURDAG 28. NOVEMBER 2026

Salsmesse kl 11.00

Song av barnekoret
Andakt
Sal av handarbeid,
dekorasjonar, gravpynt,
småkaker mm
Kafé og åretrekning

Julemessefest kl 18.00

Tale av Trond Inge Tappel
Song av Con Brio
Vegard Hanssen: Vegen til
noregsmeister i foto.
Elevar frå kulturskulen deltek.
Kaffi, smørbrød og kaker
Åretrekning og hovudtrekning

Inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet
i kyrkja og til våre misjonsprosjekt

VELKOMMEN!
Bryne sokneråd



HAUSTFEST I BRYNE KYRKJE

SUNDAG 25. OKTOBER KL. 15:00

Program:

- Kåseri v/ brødrene Lars Sigurd og Øyvind Tjelle. Dei fortel ifrå tida si i Japan
- Song og musikk ved «Husets trekkspillklubb»
- Innslag frå kulturskuleelevar
- Andakt ved Trond Inge Tappel
- Allsong, god mat, kaffi og drøs!
- Kollekt

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret seinast fredag kl. 14:00 på tlf. 51770377.

VELKOMMEN

Arr. Bryne diakoniutval



Velkommen til Torsdagstreff

Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60. Bryne kyrkje kl. 14:30-16:30.

Datoar for hausten 2026:

15. oktober

Kåseri v/Ola Risa
"Litt om livet mitt. Spesielt med tal"
Servering av lapskaus.
Songstund og andakt

19. november

Kåseri og andakt v/Yngvar Nilsen
«Feltprest i Kongens klær».
Andakt med tema: «På patrulje»
Matservering og songstund



Bibelkveldane 2026

BIBELEN Vår heilage bok. Bryne kyrkje kl. 19:00 - 21:15

Dag	Tema	Foredragshaldar
13. okt.	Kva meiner vi med at Bibelen er Guds ord	Knut Alfsvåg
27. okt.	Då Det nye testamentet blei til Dei fire evangelia	Anna Rebecca Solevåg Arne Berge
10. nov.	Å lese Bibelen i dag - Innleiingsforedrag Panelsamtale	Øyvind Holtedahl Stein Ødegård Geir Pollestad Øyvind Holtedahl Jon Torger Hetland Salte





Nikita Khnytin, piano
Birk Landaas, fiolin
Andreas Wetås Jara, cello

Klassiske toner i november med ung norsk trio

2. november kl. 18:00 i Bryne kyrkje

Cellisten Andreas Wetås Jara fra Sandnes er tilbake med en ny trio, etter den varme mottakelsen av konserten med den tsjekkiske fiolinisten Pavla og slovakiske Juraj på cello i november i fjor.

Denne gangen har han med seg sin norske pianotrio, som består av pianist Nikita Khnytin, med Leif Ove Andsnes som mentor, og fiolinist Birk Landaas, tidligere konsertmester i Ung Filharmon. De tre opptre jevnlig på festivaler rundt omkring i Europa og Norge, men har for anledningen funnet sammen for å dele varme musikalske toner en novemberkveld.

Denne kvelden får vi høre musikk av Mendelssohn, Bach, Fauré med mer.

Konserten varer ca. 40 minutt og er gratis. Rett etter konserten er alle velkomne ned på «Open kyrkje kafé» i kyrkjestova i kjellaren for kaffi, enkel servering og god drøs.

Både vante og nye publikummere er varmt velkomne!

Open-kyrkje-kafé 2026

I kyrkjestova, Bryne kyrkje kl. 18:00, første måndag i månaden. Enkel bevertning, god drøs og kveldens gjest

5. oktober: Kateket Ingfrid Time Nærland er kveldens gjest. Ho fortel om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Tanzania, og ifrå besøket hennar dit.

2. november: Me går først på konserten oppe i kyrkjesalen kl. 18:00, sjå annonsen på denne sida. Etterpå går me ned i kyrkjesalen for kaffi, enkel bevertning og god drøs.

7. desember: Juleavslutning med riskrem, julekaker og enkel underhaldning. Me syng julesongar saman med Kari Nævra Ree.

4. januar: Heidi Strand Harboe er kveldens gjest. Ho gjer ut ny diktbok før jul. Ho vil lesa for oss frå den nye boka, og pakka inn dikta musikalsk saman med Torhild Nødland.

VELKOMMEN

Arr.: Diakoniutvalet i Brynekyrkja



Open kyrkje

Velkomen til Allehelgens-program i Time kyrkje 31. oktober

Tema for samlinga: Ord og Tonar til håp og trøyst.

STAD: Time kyrkje

TID: Laurdag 31. oktober 2026

kl. 11.00 - 14.00: KYRKJA OG KYRKJETORGET

Du er varmt velkommen innom for å ta ein kopp kaffi og noko å bita i medan du vitjar kyrkjegarden.

Dersom du ønskjer det, kan du tenna eit lys.

Vi tek og gjerne imot deg til samtale.

kl. 12.00 – 13.00: I KYRKJESALEN

- Diktlesing- ord til ettertanke
- Orgeltonar



Misjonskafé med lynlotteri

Laurdag 24. oktober kl. 16.00,
Lye forsamlingshus

Barnegospel

Knut Alfsvåg gir oss eit blikk på misjonsarbeidet i Japan

Kafé med god tid til mat og prat

Stort lynlotteri og sal av diverse varer

Velkommen til små og store, unge og gamle!

All inntekt går til NMS, Det Norske Misjonsselskap
arr. Lye NMS-misjonsforening



Velkommen til Julemesse på Fotland

Bedehus 4. og 5. desember

Øystein Dyrøy Jørgensen taler på alle møter, og sangarar deltar.

Fredag kl. 19.00 Greensax

Laurdag kl. 11.00


Ragnhild Hanssen, song

Laurdag kl. 13.30 Fotland

Jenteforening

Basar, lynlodd, varesal, mat m.m.

NLM



Fredagskveld med song og musikk på Kyrkjetoget

13. november kl. 19.30

Vel møtt til samling med uformelt program, drøs, allsong og "kveldens gjest".

Ta gjerne med litt mat som me set på kjøkkenbenken. Me koker kaffi/te

Fredagskveldkomitéen



STRIKKEKAFÉ

På Lye forsamlingshus

15. oktober,

5. og 26. november

Alle er torsdagar frå 19.30-21.30.

TEMAKVELD

Fra sår til styrke

- om å bringe håp etter traumer

Ognatun 21. okt. kl. 18.00-21.00

Fra Tabitasenteret:

Ariane Adams og Margrethe Mork og Marit Louise Grønvik

Du kan høre Marit Louise i Norea podcasten

“Fra sår til Styrke”

Arrangør:



TABITASENTERET

Et nytt håp



Påmelding
innen 12.10 på
QR-kode eller
imfrogaland.no

Pris kr: 250,-



ALLEHELGENS

KONSERT

TRØYST OG HÅP

VARHAUG KYRKJE

LØRDAG 31. OKTOBER KL. 19:00

GRATIS INNGANG - MULIGHET TIL Å GJE EIN GAVE.

OVERSKUDDET GÅR TIL KYRKJELYDSARBEIDET I HÅ.

Medverkande: Kathrine Håland Varhaug

Ove Byberg m/band

Lars Brakstad Kjosavik

Arr.: Kyrkjene i Hå





Undheim kyrkje 25 år

Velkommen til jubileumsfest

fredag 6. november 18:00

Festen starter på Undheim Samfunnshus med litt program og mat, før me flytter over til kyrkja og fortset festen der.

Alle velkommen!



DEN NORSKE KYRKJA

Pizzakvelder

Velkommen til pizzakvelder
i Undheim Kyrkje i haust!

- 11. september
- 16. oktober
- 27. november

16:30 i kyrkjekjellaren.

• God mat, godt selskap.

Ta med heile familien, og gjerne fleire med!

Påmelding til Praxedes på 98028690
eller via QR-koden



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokn

VELKOMMEN TIL

FELLESLEIR 2027

PÅ OGNATUN

FOR UNDHEIM, LYE OG TIMEBYGDA

BIBELTIME | LEIK | KIOSK
AKTIVITET | LEIRFEST

Velkommen til å melda deg på du som er:
2.-7.klassing

Yngre deltakarar må melda seg på saman
med ein vaksen følgjerson.

Påmelding:
Opnar 1.des kl.17.00
Stenger 6.jan kl.23.00
Påmeldingslink: kjem
Pris: kjem

29.-31.JANUAR
CA. 35MIN
REISETID FRÅ LYE



HÅPER DU VIL VERA MED
ARRANGØR: KRISTNE BARNELAG I
BYGDENE SAMAN MED
IMF-UNG ROGALAND

VELKOMMEN TIL

LEDERFEST

FOR UNGDOMMAR SOM SKAL
VERA MED PÅ FELLESLEIREN

Til deg som vil vera med på fellesleiren
29.-31. januar 2027 på Ognatun
Vi vil ha teambuilding, verta betre kjent
og satsa på deg som leidar.

Påmelding:
Innan 1.nov



8.NOVEMBER
KL: 18.00-21.00
STAD: STEINVEIEN 23
PÅ LYEFJELL

HÅPER DU VIL VERA MED
ARRANGØR: KRISTNE
BARNELAG I BYGDENE

MYRULL

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Ei myr full av myrull som stille vaiar i vinden er godt å sjå. I tidlegare tider var store deler av Jæren myrlandskap der den kvite myrulla sette sitt tydelege preg. Oppdyrking av myr har gått hardt utover myrulla, men heldigvis kan me framleis sjå henne mange stader.

Det finst fleire myrullarter i Noreg. Bilete syner torvmyrull som er lett å kjenna igjen på den eine dusken i spissen av strået. Torvmyrull er ei av dei mest nøysame plantene i floraen vår. Ho veks på myr som er fattig på næring. Her får ho ikkje anna å klara seg med enn det som kjem med regnet. Duskmyrull er òg vanleg her hjå oss. Ho har fleire duskar på kvart strå.

Myrulla blømer svært tidleg med blomar som knapt nokon legg merke til. Blomane sit saman i aks og har



trådforma dekkblad som etterkvart veks ut til lange ullhår. "Ulla" har blitt nytta som fyllmasse i puter o.l. I einskilde dialektar er såleis myrull blitt kalla "fattigmanns hovudpute".

Hjernetrim

HelgeKryssord 4/26

LAGA AV: GABRIEL TENGSAAREID

D	E	I	→	V	E	N	N	L	E	G	E	→	O	R	D	A	↘
A	L	D	R	A	R	R	A	D	I	O	K	O	M	P	A	S	S
B	I	E	R	G	L	E	R	A	K	S	V	I	B	O	M	S	O
→	M	O	R	G	O	N	S	U	A	P	I	S	O	P	P	O	M
I	L	L	E	G	I	T	I	M	N	E	P	E	D	I	S	S	↓
↑	L	O	G	I	R	A	S	E	I	L	E	F	U	N	K	I	S
T	I	G	E	R	F	E	N	S	N	O	A	R	A	L	I	I	A
K	L	I	N	K	J	E	I	N	A	N	A	I	M	O	P	S	I
U	F	S	E	A	A	L	S	E	G	G	B	R	A	N	S	J	E
R	I	E	R	S	K	U	M	S	K	J	E	R	K	O	K	O	S
F	A	R	E	S	O	N	E	K	I	E	L	N	I	K	A	N	T
←	A	R	E	B	←	N	A	K	←	G	A	D	←	I	←	←	←


Løysing til Helgekryssord 3/26

Vassrett

1. Første store handlinga i skapinga på jorda i 1.Mosebok
9. Vi
14. Likt begge vegar
15. Skreik
16. Eskimobåt
18. Patriark i GT
19. Liten kroppsdel
21. Celle
23. Kvinnenamn
24. Tidlegare afrikansk president (førenamn)
26. Tiltrekking
27. Gummilist
28. Bibeldel (omv.)
29. Tone
30. Irritera
31. Populær
33. Vette
35. Stagga
38. Fanga
39. Skapt tidleg etter Big Bang
40. Dess
41. Elv
42. Plante/grønsak
43. Svin av vev
46. Gammal (fork.)
47. Kommune i Ottadalen
50. Veg

Loddrett

2. Sørrending
3. Utstyr for saum
4. Klage
5. United Kingdom
6. Utsmykking
7. Vesentleg
8. Gå fort
10. Bak
11. Fuglen
12. Oppdaga
13. Karat (omv.)
17. 100 m²
20. Statleg avgift
22. Kraftlaus
25. Grundig
26. Skodde
30. Bakverk
32. Filip, Romas apostel
34. Forteljing
36. Au
37. Sanseorgan
43. Del av Bibelen
44. Tånagl
45. Legg merke til!
48. Til
49. Pronomen





Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?




Teikning: Monica Bauleo



Fargelegg

Jesus snakka til mange forskjellige folk. Han likte spesielt godt at barna kom til han.



Teikning: Monica Bauleo

Vits:

- Kvifor har du døra open når du sit på do?
- Eg vil ikkje at nokon skal kikke gjennom nøkkelholet.



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**

Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på **bibel.no** om du ikkje har boka.



Blir gitt vekk i Matteus 6,3

1.

By i Apostelgjerningane 18,1

2.

Fugl i Matteus 3,16

3.

4.

By i Lukas 2,15


Høgtid i Johannes 13,1

5.

6.

Bygning i Lukas 2,46





GRAVLAGE

Mai

Gunvor Time
Inger Helene Ree
Gunvor Grødem
Harald Kleppstø
Odd Arne Torvund
Atle Håland

Juni


Eli Margot Fjermestad
Maria Undheim
Ingfrid Lima
Björg Braut
Jan Lemvik
Gerd Synnøve Sægrov
Odd Karlsen Hauge
Torunn Thu
Magne Kvilhaug

Juli

Björg Målfrid Taksdal
Tor Harry Hansen
Lars Hattaland
Björg Time
Margot Egeland
Kjell Ove Haugland
Leiv Haugstad

August

Jan Marius Olsen
Magnhild Undheim
Gunhild Grødem




VIGDE

BRYNE KYRKJE

08.08.2026 Emilie Gundersen Husveg og
Knut Ennio Pelagalli

TIME KYRKJE

23.05.2026 Lene Lura og Simen Byberg
Ingeborg Dyngeland og
Torje Furenes
30.05.2026 Solveig Klakegg Egeland og
Andreas Aadnøy
06.06.2026 Brit Elin Ree og Morten Risa
Rosland
Elisabeth Tjåland og Morten
Madland
13.06.2026 Live Stangeland og Ragnvald
Skretting
Eileen Tonstad og Max Degn
Klovning Mikkelsen
27.06.2026 Beate Varhaug og Eigil
Varhaug
Katrine Sivertsen og
Johannes Eik
04.07.2026 Anna Friestad og André
Oaland
Anja Ingebrigtsen og Markus
Naro
11.07.2026 Elisa Obrestad og Endre
Eggebø Hansen
25.07.2026 Lea Fosse og Einar Hovda
Vilde Carlsen og Audun
Moksnes
Maria Dyngeland og Markus
Tornes Skretting



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

03.05.2026 Felix Hartvedt
24.05.2026 Ole Egeland Galaasen
21.06.2026 Vidar Erfjord Heskje
Ludvig Haaland
Lilly Fossmark
Alba Taksdal
Oliver Aarsland
05.07.2026 Emrik Callaghan Fotland
Vienna Luina Dahl
02.08.2026 Elisabeth Aarsland Nyberg
Liva Serigstad
Storm Kvalevåg Olsen
Selma Horpestad

TIME KYRKJE

03.05.2026 Erling Klingsheim Risa
Emrik Tjemsland Knudsen
24.05.2026 Anne Helene Bryne Aasen
Falk Auestad Alvestad
Ådne Goffeng
28.06.2025 Alf Lie Håland
Sem Stangborli
Berit Rognstad
Ingvild Rognstad
Lena Auglend
26.07.2026 Hedda Kåstad Jakobsen
Christian Helbostad Haus
William Helbostad Haus
Elias Haugstad Grødem
09.08.2026 Mathilde Haarr Frøland
Stig Ueland Jensen
Hennie Nærland Kommedal

UNDHEIM KYRKJE

10.05.2026 Thale Lode Skårland
Tiril Vaka Taraldsvik
07.06.2026 Sverre Høyland Danielsen
Alfred Høyland Danielsen
Henrik Gya Folkvord
12.06.2026 Erika Dittmer

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

14.06.2026 Torjus Bore, Klepp kyrkje
Emil Husabø Bergort, Klepp
kyrkje
Ask Dirdal Løyning, Oltedal
kyrkje

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no

Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandsmark

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

Sorgstøttegruppe for barn i 4.-7. klasse

Velkommen til sorgstøttegruppe for barn i 4.-7. klasse som har mista foreldre eller søsken i dødsfall. Tilbodet blir organisert av diakonane i Den norske kyrkja i Time, Hå, Klepp og Gjesdal.

Kjenner du eit barn som har mista nokon dei er glade i? Dette er ei samtalegruppe der alle i gruppa er omtrent like gamle. Her får barna snakke om tankane og følelsane sine saman med andre barn som er på same alder og i ein liknande situasjon. Dei får møte trygge vaksne med teieplikt, og ungane bestemmer sjølv kva dei vil dele og fortelje. Me vil leggje til rette for grupper der alle respekterer kvarandre, og at det er lov til å vere både glade og leie seg saman. Gruppene er livssynsopne, dvs. at dei er opne for alle uansett livssyn og tilknytning til kyrkjesamfunn. Me legg alltid vekt på god dialog med barnet sin omsorgsperson.

Me et alltid eit måltid saman i gruppa, og kjem til å leike saman, ha hobbyaktivitetar og snakke med kvarandre i gruppa. Tilbodet er gratis.

Detaljar om oppstart (dato og stad) kjem når det er tilstrekkeleg mange påmeldte deltakarar, men gruppa kjem til å vere på dagtid ein fast vekedag kl. 12:00-14:00.



Påmelding og informasjon:

Lurar du på noko, eller ønskjer å melde på eit barn du kjenner, ta kontakt med diakonen der du bur:

Bryne: Marit H. Hetland: Tlf. 911 63 039, MH336@kirken.no

Time/Undheim: Praxedes U. Slettebø: Tlf. 980 28 690, PS453@kirken.no


Velkommen til Sorgstøttegrupper for vaksne

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.

Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:
diakon i Bryne: mh336@kirken.no
diakon i Time og Undheim: ps453@kirken.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.



EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	 DEN NORSKE KYRKJA	REMA 1000 Håland
EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	Sjekk Punkt SILVERSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	 e i k h i	 Bogh Lafoe BILSALEG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
 PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	haver Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
GRENSESNITT 	SpareBank 1 SR-BANK	
 OPTIKK&SYN Jubileum 2014-2024 Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04	Din annonse her?	 jæren sparebank
	 Rogalandshus	 Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



KIRKENS
SOS



Velkomen til
gudsteneste



Søndag 4. oktober		19. søndag i treeiningstida.	Matt 5,20-26
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 11. oktober		20. søndag i treeiningstida.	Joh 11,1-5
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, lovsongsgudsteneste, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Ope for dåp
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd, trushistorie diakon Marit Høie Hetland
Søndag 18. oktober		21. søndag i treeiningstida.	Matt 22,15-22
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Dåp, utdeling av 4-års bok
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, utdeling av 4-års bok
Søndag 25. oktober		Bots- og bønnedag	Luk 13,22-30
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Ope for dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Søndagsskule, skriftemål og bønnevandring
Laurdag 31. oktober		Reformasjonsdagen	Joh 1,16-17
Time kyrkje	14:30	Dåpsgudsteneste	Dåp
Søndag 1. november		Allehelgensdag	Matt 5,1-12
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule, misjonsvindu NMS, Jærklang
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 8. november		24. søndag i treeiningstida/Søndag for dei forfølgde	Joh 6,63-69
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Lovsongsgudsteneste, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Ope for dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Søndag 15. november		25. søndag i treeiningstida.	Mark 2,1-12
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus (weekend Nordlys misjonssenter)	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i jærbladet for oppdatert informasjon.

Velkommen til gudsteneste



Søndag 22. november		Domssøndag / Kristi kongedag	Matt 25,31-46
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, utdeling av 4-års bok
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste for store og små	Ope for dåp
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd, trushistorie kyrkjelydsutviklar Jon Torger Hetland Salte
Søndag 29. november		1. søndag i adventstida	Luk 4,16-22a
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, misjonsvindu DNI, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 6. desember		2. søndag i adventstida	Joh 14,1-4
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Nattverd, ope for dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule

Takk!

